



Reidar Hindenes  
Hindenesvegen 701 A  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/1393 - 18/26177

Saksbehandlar:  
Anne Lise Molvik  
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
28.08.2018

## Utsleppsløyve for ny grunneigedom - gbnr 20/2, 20/ 3, 20/5 og 20/6 Hindenes indre

Administrativt vedtak: **Saknr: 431/18**

Byggestad: Gbnr: 20/2, 3, 5 og 6

Tiltakshavar:

Ansvarleg søkjar:

Type utslepp: Sanitært avløpsvatn med utslepp Velg et element.

Søknadstype: Forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta Velg et element.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Det er søkt om utsleppsløyve i samband med søknad om frådelling av ny bustadeigedom frå sameiget gbnr 20/2, 20/3, 20/5 og 20/6. I søknaden er det opplyst at utsleppet frå eigedommen skal reinsast i slamavskiljar før utsleppet vert ført vidare til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.

Storleiken til utsleppet er opplyst til 6 pe.

Det vert elles vist til søknad journalført mottatt 27.04.2018, supplert ved dokumentasjon journalført 20.07.2018.

#### Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål med spreidd bustadbygging. Det vert vurdert at tiltaket er i samsvar med plangrunnlaget.

#### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med forureiningsforskrifta § 12-4 nr. 2. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.



## **Plassering**

Plassering av avløpsanlegg og utsleppsstad er vist i situasjonskart datert 27.04.2018.

## **Reinseløysing**

Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar før det reinsa utsleppet vert ført vidare i tett leidning til eksisterande avløpsleidning som går til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

## **Drift og vedlikehald**

Eigedomen skal inngå i kommunal slamtømmeordning.

Forskrifta gjeld for heile kommunen med unntak av

- Veglause grender og øyar og eigedomar som elles ikkje er tilknytt offentleg vegnett
- Eigedomar der tømmetanken ligg lengre enn 100 meter frå køyrbar bilveg
- Eigedomar der tømmetanken ligg lågare enn 8 meter frå køyrbar bilveg.

Slamavskiljarar knytt til heilårsbustadar eller fritidsbustadar skal tømmast heilt for slam etter behov, og ikkje sjeldnare enn kvart 2. år for heilårsbustadar og kvart 4. år for fritidsbustadar, jf forureiningsforskrifta § 12-13.

## **Privatrettslege tilhøve**

I samsvar med situasjonskart skal slamavskiljar plasserast på ny grunneigedom og vidare gå i tett leidning til eksisterande avløpsleidning som går til sjø. Eigedomen skal knytast til fellesleidningen inne på eigedomen gbnr 20/10.

Det ligg føre erklæring, datert 16.07.2018, med rett til å nytta fellesleidning som går over sameiget gbnr 20/2, 20/3, 20/5 og 20/6 frå grunneigarane.

Det ligg føre erklæring, datert 20.08.2017, med rett til å nytta eksisterande avløpsleidning som går til sjø frå eigarane av gbnr 20/10, 20/11, 20/12 og 20/20 som eig fellesleidningen, jf. sak 17/1955.

Avtalar om plassering av anlegg og leidningar på privat eigedom og rett til bruk av privat avløpsleidning bør tinglysast på eigedomane.

## **VURDERING**

Det er ikkje offentleg kloakkanlegg i området.

Søknaden om utsleppsløyve kan etter kommunen si vurdering godkjennast slik han ligg føre med utslepp via slamavskiljar til eksisterande leidning som går til sjø. Reinseløysinga stettar krava til utslepp i mindre følsamt område.

Kommunen legg til grunn at eksisterande utsleppsleidning er i forskriftsmessig stand og at anlegget kan inngå i den kommunale slamtømmeordninga på ordinære vilkår.

Endeleg plassering av slamavskiljar og tilknytingspunkt til fellesleidningen må avklarast ved søknad om oppføring av bustad på eigedomen.

## **Privatrettslege tilhøve**

Arne Hindenes sitt bu ved Ove Hindenes er oppgitt som søkjar. Buett er per dato overdrege til Ove Bjarne Hindenes som følgjeleg er eigar av både bnr 2 og 5. Reidar Hindenes, som har signert søknaden, er ikkje ansvarleg eigar.

Administrasjonen legg til grunn at Reidar Hindenes har nødvendig signaturfullmakt frå grunneigarane ved grunneigarerklæringa som ligg i saka og dokumentasjon som ligg føre i frådelsingssaka.

### **Godkjenning etter andre lovverk**

Etablering av avløpsanlegget krev løyve etter plan- og bygningslova kap 20. Anlegget kan ikkje etablerast før nødvendig løyve ligg føre.

### **VEDTAK**

**Med heimel i forureiningslova § 11, forureiningsforskrifta § 12-5 vert det gjeve utsleppsløyve for ny grunneigedom som er søkt frådelt sameiget gbnr 20/2, 20/3, 20/5 og 20/6 på følgjande vilkår:**

1. Utsleppet frå eigedomen skal reinsast i slamavskiljar av godkjend type før utsleppet vert ført i tett nedgraven leidning til eksisterande utsleppsleidning som går til sjø.
2. Utsleppet frå eigedomen vert gitt for 6 pe/ 1 bueining.
3. Slamavskiljaren skal plasserast slik at han kan tømmast innanfor vilkåra i den kommunale slamtømmeordninga.
4. Utsleppet skal til ei kvar tid tilfredsstillast krav i Forskrift om begrensing av forurensing, §§ 12-7 til 12-13.
5. Det skal betalast slangebyr i samsvar med gjeldande gebyrregulativ.
6. Eigedomen skal knytast til offentleg godkjend avlaupsleidning eller anna fellesleidning dersom slike vert ført fram til området og kommunen set krav om det.
7. Anlegget kan ikkje etablerast før det ligg føre løyve etter plan- og bygningslova.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klage**

Enkeltvedtak truffet i medhold av forureiningsforskrifta kapittel 12 kan klagast på til kommunestyret eller særskilt klagenemnd, jf. [forurensningsloven § 85](#) annet ledd og forureiningsforskrifta § 12-15. For enkeltvedtak truffet av kommunestyret er fylkesmannen klageinstans.

Enkeltvedtak truffet i medhald av forureiningsforskrifta kapittel 13 kan klagast på til Fylkesmannen, jf. forureiningslova § 85 2.ledd og forureiningsforskrifta § 41-5

Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høvet til å klaga på vedtaket vera nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Ansvar**

Anleggseigar er ansvarleg for at alt arbeid følgjer føresegner gjeve i eller i medhald av forureiningslova og plan- og bygningslova. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter forureiningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve.

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med etablering av avløpsanlegget ikkje sett i verk innan tre år etter at løyve er gitt, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn to år, fell retten til å etablere utsleppet vekk, jf. forureiningsforskrifta § 12-5 4.ledd og § 13-5 4.ledd. Om utslepp framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

### **Tilsyn, endring og opphøyr av løyvet**

Kommunen er forureiningsstyresmakt og fører tilsyn med at føresegner, lovverk og vedtak fatta i tråd med forureiningsforskrifta kapittel 12 og 13 vert følgd. Forureiningsstyresmakta har rett og plikt til å utføra tilsyn med avlaupsanlegga. Tilsynet vil kunna omfatta kontroll av anlegg si yting/funksjon og kontroll av kvalitet på utført sørvis og vedlikehald. Eigar av anlegget må dekkja kostnader knytt til tilsyn og kontroll, jf. forureiningslova kap.7.

Om utsleppet fører til uventa forureiningsproblem, kan forureiningsstyresmakta oppheve eller endre vilkåra i utsleppsløyvet, setja nye vilkår og om naudsynt kalla tilbake løyvet i samsvar med forureiningslova § 18 og forureiningsforskrifta § 12-14 og § 13-17.

**Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.:**

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Lindås Rør & Sanitær AS	Burkhovdane 1	5914	ISDALSTØ
Marius Hindenes	Hindenesvegen 797	5993	OSTEREIDET
Ove Bjarne Hindenes	Hindenesvegen 801	5993	OSTEREIDET
Sander Hindenes	Hindenesvegen 795	5993	OSTEREIDET

### **Mottakarar:**

Reidar Hindenes	Hindenesvegen 701 A	5993	OSTEREIDET
-----------------	---------------------	------	------------